



Storbukk i Kjærlandslia. (Foto: Ståle Eik)

Det vart felt 78 hjortar i dei åtte valda i Uskedalen denne hausten og fellingsprosenten var 72,2 medan den kom opp i 76,5 i heile Kvinnherad. Det vart fellingsrekord i kommunen, men ikkje i vår bygd.

- Utbyttet av hjortejakta i Uskedalen denne gongen vil eg karakterisera som normalt, Det har lege litt lågt nokre år men no utviklar det seg positivt att, seier viltforvaltar Leif Trygve Varanes til uskedalen.no Dette er fellingsstala i Uskedalen-valda:

Musland: 14 av 21 dyr..

Fjellandsbø: Åtte av 10 dyr.

Feet/Eik: Seks av åtte dyr.

Ljosnes: Fem av sju dyr.

Rød: Tre av sju dyr.

Myklebust/Kjærland/Ytre Rød 11 av 17 dyr.

Haugland: 17 av 17 dyr.

Døsland 14 av 21 dyr.

Eit førebels resultat av hjortejakta for heile kommunen er at det vart felt 866 dyr, som altså er ny rekord, Det er ein solid auke frå fjorårets resultat på 818, som også var rekordresultat i den største hjortekommunen i landet.

Det vart gjeve 1132 fellingsløyve denne hausten

Varanes manglar enno endelege rapportar fra nokre vald og talet er til dels bygd på noko ufullstendige opplysningar frå nokre av valda. Difor ser han ikkje bort frå at det endelege talet kan bli enda høgare og Varanes sleg fast at årets hjortejakt har vore veldig god.

Stamma har auka og er no større enn ynskjeleg. Viltforvaltaren viser her til slaktevekta på unge bukkar, som har gått ned frå 51 kilo for ti år sidan til 45 kilo no. Det er ei nokså dramatisk utvikling og eit klårt teikn på at stamma har vorte større enn ho ber vera.

Det vart teke ut 43 tonn hjortekjøtt i Kvinnherad denne hausten og det representerer ein verdi på over tre millionar kroner.

Av Ola Matti Mathisen